

# BOKN KOMMUNE

## Forvaltningsstyre

### HOVUDUTSKRIFT

**Møtedato:** 11.05.2016

**Møtetid:**

Kl. 19.00

**Møtestad:** Boknatun

**Saksnr.:**

013/16 - 017/16

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>	<b>Parti</b>
Kjetil Vatnaland	SP	Osmund Våga	SP
Daghild Alvestad	SP	Sandra Jøsang	SP

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>
Roar Medhaug	015/16	Møtte ikkje

<b>Møteleiar:</b>	Emilie Eikje
<b>Frå adm. møtte:</b>	Kåre Bua
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	

Underskrifter:

---

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
013/16	Godkjenning av møtebok frå 06.04.2016
014/16	Gnr. 4 bnr. 16 - Bjørn G. Nedrebø - gangbru til naust - dispensasjon
015/16	Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - einebustad- dispensasjon
016/16	Reguleringsplan for Føresvik Marina - 1. gongs handsaming
017/16	Meldingssaker til møte 11.05.2016

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	11.05.2016	013/16	ÅKF

<b>Saksansv.:</b> Åse Karin Fjellving	<b>Arkiv:</b> K1-033, K3- &17	<b>Arkivsaknr:</b> 16/16
	<b>Objekt:</b>	

### Godkjenning av møtebok frå 06.04.2016

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

### 11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE

#### FV-013/16 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	11.05.2016	014/16	BJL

Saksansv.: Bjørn Løvland	Arkiv: GBR-4/16	Arkivsaknr 16/169
	Objekt:	

### Gnr. 4 bnr. 16 - Bjørn G. Nedrebø - gangbru til naust - dispensasjon

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	15.03.2016	Bjørn G Nedrebø	Søknad om tiltak for å byggje gangbru frå naust til hus
2	U	23.03.2016	Bjørn G Nedrebø	Gnr. 4 bnr. 16 - Bjørn G. Nedrebø - gangbru til naust
3	I	30.03.2016	Bjørn G Nedrebø	Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Plan- og bygningslova  
Kommuneplanen sin arealdel med tilhøyrande føresegner

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av gangbru til naustloft, slik det er søkt om.
2. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, vert søknad om oppføring gangbru til naustloft godkjent i medhald av § 20-4 i plan- og bygningslova, i samsvar med søknad.
3. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med gjeldande lovverk og føresegner.
4. Det må søkjast om ferdigattest før gangbrua vert teken i bruk.

## **11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

### **FV-014/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

**Kva saka gjeld:**

Søknad om løyve til å etablere gangbru til loftshøgda i eksisterande naust.

**Bakgrunn for saka:**

Det vert søkt om løyve til å bygge ei gangbru som tilkomst til loftet på det eksisterande naustet.

Naustet ligg i eit område som er lagt ut til LNF-område i kommuneplanen, og i samband med bygging av dette, vart det i sak 019/09 dispensert frå den dågjeldande kommuneplanen.

Pkt. 6.1 i føresegnene til den gjeldande kommuneplanen opnar for godkjenning av ein del mindre tiltak knytt til eksisterande lovlege bygningar i LNF-områda, utan å gå vegen om dispensasjon.

Ettersom tiltaket ligg i strandsona, er det likevel naudsynt med dispensasjon frå det generelle byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova.

**Saksutgreiing:**

Det er naudsynt med dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona for oppføring av gangbru til naustloftet slik det er søkt om.

Kommunen kan etter § 19-2 i plan- og bygningslova gje dispensasjon etter grunngjeven søknad. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsynet bak den bestemminga som det vert dispensert frå, eller omsynet i føremålsbestemminga i lova, vert vesentleg sett til side. I tillegg må føremona ved å gje dispensasjon vera klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det kan ikkje dispenserast frå sakshandsamingsreglar.

I den einskilde dispensasjonssak må det føretakast ei konkret og reell vurdering av dei faktiske tilhøva i saka.

Dei ulike føresegner og planar har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal ikkje vera kurant å vike frå desse.

Etter føremålsparagrafen i PBL, (§2), går det mellom anna fram at lova skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.

Forvaltningsstyret må vurdere om det er rom for å gje dispensasjon, og om søkjaren sine grunnar for å få ført opp gangbru til naustloftet skal vega tyngre enn dei omsyn byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova er meint å ta vare på.

**Vurdering:**

Ut frå pkt. 6.1 i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, må det kunne leggjast til grunn at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå arealføremålet.

Det er likevel naudsynt med dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona, jfr. § 1-8 i plan- og bygningslova.

Søknaden er ikkje sendt fylkesmannen og fylkeskommunen til førehandsuttale, ettersom tiltaket er knytt til eit eksisterande naust og ligg lenger vekk frå sjøen enn sjølve bygget. Tiltaket vert derfor ikkje vurdert å råke nasjonale eller regionale interesser.

Fylkesmannen og fylkeskommunen vil få vedtaket tilsendt for klagevurdering.

Tiltaket ligg som nemnt lenger vekke frå stranda enn sjølve naustet, og vil såleis ikkje føre til ei større privatisering av strandsona enn det som er etablert gjennom det allereie eksisterande naustet.

Ein dispensasjon fører derfor ikkje til at dei omsyn som ligg bak det generelle byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova vert sett vesentleg til sides.

Føremona ved å gje dispensasjon er i all hovudsak knytt til søkjaren si private interesse om ein betre tilkomst til loftshøgda, noko som det i utgangspunkt ikkje skal leggjast særleg vekt på ved vurdering av om det skal dispenserast frå byggeforbodet.

Ettersom det er vanskeleg å sjå at tiltaket fører til nokon ulempe for korkje naboar eller ålmenta, må det likevel kunne seiast at føremona ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Dispensasjon bør derfor kunne gjevast.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre			BJL

<b>Saksansv.:</b> Kåre Bua	<b>Arkiv:</b> GBR-7/32	<b>Arkivsaknr</b> 15/207
	<b>Objekt:</b>	

### Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - einebustad- dispensasjon

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	13.04.2015	Berge Sag og Trelast AS	Søknad om tillatelse i ett trinn. Nytt bygg - boligformål
3	I	15.04.2015	Per Olav Berge	SAK DISP TO-MANNS - VÅGA FELTET
2	U	16.04.2015	Berge Sag og Trelast AS	Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - søknad om oppføring av tomannsbustad - dispensasjon
4	U	21.04.2015	Per Olav Berge	SV: Byggesøknad Vågavegen - HASTAR
5	I	22.04.2015	Magne Jensen	Søknad om disp. i byggesak, Ruben Våga
6	U	05.05.2015	Fylkesmannen i Rogaland; Rogaland fylkeskommune; Statens vegvesen Region Vest	Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - tomannsbustad - dispensasjon
7	U	20.05.2015	Kyvik Gro Osmundsen	UTSETT KLAGEFRIST, E39 - Vågaheia, dispensasjon frå kommuneplanen, gnr. 7 bnr. 32
8	I	28.05.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland	Bokn kommune - GNR.7, BNR.32 - Søknad om byggeløyve for oppføring av tomannsbustad.
9	I	08.06.2015	Fylkesrådmannen i Rogaland	Svar - Bokn kommune - Gnr.7, Bnr.32 - Søknad om byggeløyve for oppføring av tomannsbustad
11	U	04.09.2015	Fylkesmannen i Rogaland; Rogaland fylkeskommune; Statens vegvesen Region Vest	Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - tomannsbustad - dispensasjon - melding om vedtak
12	I	17.09.2015	Kyvik Gro Osmundsen	E39 - Klage på vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen for



13	I	22.09.2015	Ivar Thorkildsen Statens Vegvesen	bygging av tomannsbustad, gnr. 7 bnr. 32, Bokn kommune E-39 Klage på vedtak om dispensasjon får kommuneplanen-tomannsbustad
14	I	28.09.2015		Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - tomannsbustad - dispensasjon - klage på vedtak
15	U	29.09.2015	Berge Sag og Trelast AS	Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - tomannsbustad - dispensasjon - klage på vedtak
16	I	03.10.2015	Per Olav Berge	TO-MANNSBUSTAD GNR 7 - BNR 32 KLAGE VEGVESENET
18	U	21.10.2015	Fylkesmannen i Rogaland	Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - tomannsbustad - dispensasjon - klage på vedtak
20	I	31.01.2016	Knut Middelthon Fylkesmannen i Rogaland	Ny saksbehandlingsfrist-klagesak etter plan- og bygningsloven Gnr:7/Bnr:32 i Bokn kommune-søknad om dispensasjon fra plankrav
21	I	06.03.2016	Magne Jensen Berge Sag og Trelast AS	Byggesøknad Gnr: 7/Bnr: 32 - Ruben Våga
22	I	08.04.2016	Per Olav Berge	ENEBOLIG RUBEN VÅGA
19	U	08.04.2016	fmroola@fylkesmannen.no,	Sak 15/207 - Bokn kommune
23	U	12.04.2016	Per Olav Berge	SV: ENEBOLIG RUBEN VÅGA
24	U	13.04.2016	Per Olav Berge	Tilbakemelding om saksgang, Ruben Våga

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Plan- og bygningslov

Kommuneplanen sin arealdel

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel for bygging av einebustad på gnr. 7 bnr. 32, slik som det er søkt om, jfr. også sak 033/15 og 040/15  
Det er lagt vekt på at tomta ligg i utkanten av feltet, og at den er byggemodna med veg, vatn og avlaup.  
Etter forvaltningsstyret si vurdering, ville derfor bygging på denne tomta nå, ikkje gjere det vidare reguleringsarbeidet vanskelegare.  
Det er og lagt vekt på at fylkeskommunen delte dette synet i samband med førehandsuttalen knytt til søknaden om tomannsbustad på tomta.  
Føremona ved å gje dispensasjon vert derfor samla sett vurdert klårt større enn ulempene.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

## **11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

Saka blei drøfta.

Høgre sette fram forslag til vedtak som følgjer:

I medhald av godkjent kommuneplan vart det godkjent bygging av einebustad på gnr. 7 bnr. 32.

Det er lagt vekt på godkjent kommuneplan og at tomta er byggemodna med veg vatn og avlaup.

Bokn kommune ynskjer spreid bustadbygging, og ynskjer at innbyggjarane får busetja seg på heile Bokn.

### **FV-015/16 VEDTAK:**

Høgre sitt framlegg vart vedteke mot to røyster, ei frå SP og ei frå AP.

## **Kva saka gjeld:**

Bokn kommune har motteke søknad om byggeløyve for oppføring av ein einebustad på ovannemnde eigedom.

Tomta som tidlegare er delt frå, ligg i eit område som er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel.

Det er derfor naudsynt med dispensasjon frå plankravet for at tiltaket kan gjennomførast.

## **Bakgrunn for saka:**

Kommunen har tidlegare som sak 033/15 handsama ein søknad om dispensasjon frå plankravet i samband med søknad om å føre opp ein tomannsbustad på denne tomt. Forvaltningsstyret gav naudsynt dispensasjon, men dispensasjonsvedtaket vart klaga på av Statens vegvesen.

Klagen frå Statens vegvesen vart handsama som sak 040/15.

Forvaltningsstyret tok ikkje klagen frå vegvesenet til fylgje, og heldt fast på vedtaket om å dispensere frå plankravet.

Saka vart så sendt Fylkesmannen til endeleg avgjerd.

Avgjerd i saka ligg ikkje føre, men det er gjort avtale mellom tiltakshavar og sakshandsamaren hjå Fylkesmannen om at fristen for Fylkesmannen si klagehandsaming skal setjast til 31.10.2016 i påvente av avklaring frå Statens vegvesen med omsyn til traseval for E39.

## **Saksutgreiing:**

Det er naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for bygging av tomannsbustad slik det er søkt om.

Kommunen kan etter § 19-2 i plan- og bygningslova gje dispensasjon etter grunngjeven søknad. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsynet bak den bestemminga som det vert dispensert frå, eller omsynet i føremålsbestemminga i lova, vert vesentleg sett til side. I tillegg må føremona ved å gje dispensasjon vera klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det kan ikkje dispenserast frå sakshandsamingsreglar.

I den einskilde dispensasjonssak må det føretakast ei konkret og reell vurdering av dei faktiske tilhøva i saka.

Dei ulike føresegner og planar har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal ikkje vera kurant å vike frå desse.

Etter føremålsparagrafen i PBL, (§2), går det mellom anna fram at lova skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.

Forvaltningsstyret må vurdere om det er rom for å gje dispensasjon, og om søkjaren sine grunnar for å få dispensasjon skal vega klårt tyngre enn dei omsyn kommuneplanen sin arealdel er meint å ta vare på.

## **Vurdering:**

Sjølv om søknaden nå er endra frå einebustad til tomannsbustad, er problemstillinga knytt til plankravet uendra.

Dispensasjonsproblematikken er vurdert i tilknytning til søknaden om bygging av tomannsbustad på tomta, både av kommunen og dei regionale styresmaktene.

Ansvarleg søkjar har i e-post gjeve uttrykk for at han ikkje ser behov for utdjupe søknaden. Søknaden om einebustad har derfor i denne omgangen ikkje vore sendt fylkesmannen, fylkeskommunen eller Statens vegvesen til ny fråsegn, då deira syn er kjent frå saka om tomannsbustad.

Desse vil i tillegg få vedtaket i denne saka til klagevurdering.

Ettersom problemstillinga og argumentasjonen knytt til om dispensasjon bør gjevast er den same som det er gjort greie for i sakene 033/15 og 040/15, vert det vist til saksførebuinga til desse sakene.

Det er ingen nye argument nå som ikkje var vurdert av Forvaltingsstyret i tilknytning til desse sakene, og det er derfor naturleg at Forvaltningsstyret gjer tilsvarande vedtak i denne saka.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	11.05.2016	016/16	BJL

Saksansv.: Bjørn Løvland	Arkiv: K2-L12 Objekt:	Arkivsaknr 14/119
--------------------------	--------------------------	----------------------

### Reguleringsplan for Føresvik Marina - 1. gongs handsaming

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.02.2014	Johannes Svendsen	Innspel til reguleringsarbeid
2	U	28.02.2014	Hereid Hus Kåre Frøland	Videresender innspill reguleringsplan Føresvik Marina
3	I	26.03.2014	Fylkesmannen i Rogaland	Uttalelse til varsel oppstart av reguleringsplan for utviding av sjøareal for vestre del av hamnebassenget Føresvik Marina, Bokn
4	I	07.04.2014	Kystverket	Uttale til varsel om oppstart av reguleringsarbeid - Vestre del av havnebassenget Føresvik Marina
5	I	13.06.2014	Kåre Frøland	Reguleringsplan , 1. gongshandsaming, 2014.06.13
6	I	13.06.2014	Kåre Frøland	Vedlegg til planskildring. 2014.06.13, 1. gongs handsaming
7	I	13.06.2014	Kåre Frøland	Reguleringføresegner. 2014.06.13, 1. gongshandsaming
8	I	13.06.2014	Kåre Frøland	Planbeskrivelse. 2014.06.13, 1. gongshandsaming
10	U	30.06.2014	Hereid Hus	Reguleringsarbeid Føresvik Marina - prinsippvurdering - melding om vedtak
12	I	25.08.2014	Kåre Frøland	Føresvik Marina. Kommentar til Bokn k. sine merknadar.
13	I	26.08.2014	Kåre Frøland	Manglande vedlegg. Førsvik Marina.
14	U	29.08.2014	Hereid Hus	Reguleringsarbeid Føresvik Marina - prinsippvurdering - melding om vedtak
15	U	16.09.2014	Kåre Frøland	Utlegging av reguleringsplan til

16	I	17.11.2014	Kåre Frøland	offentleg høyring.
17	I	17.11.2014	Kåre Frøland	Føresvik Marina
19	U	09.12.2014	Hereid Hus AS Siv. ark. Kåre Frøland	Føresvik Marina. Grunngeving av avslag. Reguleringsplan for Føresvik Marina - grunngeving for vedtak - vidare arbeid
20	I	19.01.2015	Kåre Frøland	Drøfting av tiltak etter forvaltningsstyret sitt vedtak sak 023/14
22	I	25.01.2015	Oddvar Hognaland	Merknad til nabovarsel.
23	I	25.01.2015	Erling Sæbø	Merknad til nabovarsel.
21	I	06.02.2015	Ole Johnny Hauge	Kommentar til merknad frå nabo, eigar av gnr.9 bnr. 133
24	I	13.03.2015	Kåre Frøland	Planskildring med vedlegg.
25	I	13.03.2015	Kåre Frøland	Reguleringsplan for Føresvik Marina. Reguleringsføresegner.
26	I	13.03.2015	Kåre Frøland	Reguleringsplanforslag Føresvik Marina
27	X	08.04.2015		Molo som byggegrunn
28	I	23.04.2015	Kåre Frøland	Fwd: Føresvik Marina. Brev til rådmannen.
29	I	23.04.2015	Jan Erik Nygaard	Fwd: Føresvik Marina. Brev til rådmannen.
30	U	04.05.2015	Hereid Hus	Reguleringsarbeid Føresvik Marina
31	I	22.06.2015	Kåre Frøland	Føresvik Marina. Reg.best.10.3.15
32	I	26.08.2015	Kåre Frøland	Konsulentvurdering av molo.
33	U	26.08.2015	Hereid Hus	Reguleringsplan Føresvik Marina
34	I	21.09.2015	Kåre Frøland	Føresvik Marina, reguleringsføresegner datert 17.09.15 og planskildring.
36	I	25.09.2015	Kåre Frøland	VS: Føresvik Marina
35	I	27.09.2015	Kåre Frøland	Plankart for Føresvik Marina - oppmoding om vidare førehaving
37	I	30.09.2015	Morten Sageidet	SV: Framlegg til ny reguleringsplan for Føresvik Marina
38	U	05.10.2015	Hereid Hus AS	Reguleringsplan Føresvik Marina - oppmoding om vidare førehaving
40	I	28.03.2016	Kåre Frøland	Reguleringsføresegner m/plankart - Føresvik Marina
39	U	30.03.2016	morten.sageidet@fmro.no,	Vedr. møre om reguleringsplan for Føresvik Marina
41	I	03.04.2016	Kåre Frøland	Føresvik marina. Planskildring
42	I	03.04.2016	Kåre Frøland	Føresvik marina. reguleringsføresegner
44	I	18.04.2016	Kåre Bua	VS: Føresvik Marina.
46	I	19.04.2016	Ole Johnny Hauge	Reg.best.17.4.16 VS: parkeringsoversikt.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Plan- og bygningslova  
Kommuneplanen sin arealdel

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Føresvik Marina med kart dagsett 01.04.2016 og føresegner dagsett 17.04.2016 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

**11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE****FV-016/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

## **Kva saka gjeld:**

Framlegg til endring av reguleringsplan for vestre del av hamnebassenget i Føresvik.

Planområdet omfattar vestre del av hamnebassenget i Føresvik, Vestre Bokn, Bokn kommune og omfattar eit areal på ca. 8,1 daa der ca. 4,1 daa er sjøareal.

Kommuneplan for Bokn (kst. 17.12.2013) viser omsøkte planområde med horisontal skravur. Dette tyder at «Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde».

## **Bakgrunn for saka:**

Føremålet med planarbeidet er å betre det sjønære tilbodet til innbuarar og andre brukarar av området ved å:

- 1) Etablere sjøbuer på molo knytt til båtplassar langs sørsida av moloen.
- 2) Betre trafikktryggleiken på tilkomstvegen, m.a. vurdere ei løysing på eksisterande kryss med naustvegen lengre aust. Flytte tilkoplinga mellom molovegen og kommunal veg lengre nord enn eksisterande tilkopling.

Området er i stor grad utbygd. Molo er etablert. Med grunnlag i gjeldande reguleringsplan er 16 naust og tilhøyrande brygger bygde. 1 naust og 2 båtgarasjar er byggemelde og godkjende- og under oppføring. Moloveg er bygd. Ein del utliggarar er montert

## **Tidlegare kommunal handsaming**

I 2014 vart det i sak 017/14 lagt fram ei prinsippvurdering vedkomande endring av reguleringsplanen.

Det var på det tidspunktet fleire tilhøve ved planen som ikkje var tilstrekkeleg avklara, og saka vart derfor lagt fram med fylgjande forslag til vedtak:

1. *Forvaltningsstyret er i prinsippet positiv til omregulering av eksisterande naust til rorbuer og omlegging av tilkomstvegen fram til den kommunale veggen i sør. Før det vart teke endeleg stode til om planen skal leggast ut til offentleg ettersyn, må planen endrast/må det gjerast nærare greie for dei punkt som går fram av sakførebuinga. Planen må vise gangveg/fortau langs den omlagde veggen som i nåverande plan*
2. *Før det vert teke stode til spørsmålet om bygging på den eksisterande moloen, må det dokumenterast at moloen tilfredstiller krava til byggegrunn i høve til § 21-8 i plan- og bygningslova og § 7-2 i TEK 10.*
3. *Administrasjonen får fullmakt til å gjere vedtak om å sende planen på høyring og legge den ut til offentleg ettersyn, dersom planen vert justert og problemstillingane som er peikt på i sakførebuinga vert gjort greie for på ein tilfredstillande måte.*

Ved handsaminga i forvaltningsstyret sitt møte 26.06.2014 vart saka utsett, og ved ny handsaming i møte 27.08.2014, sak 023/14, fekk rådmannen sitt forslag til vedtak ingen stemmer, og fall.



Det vart ikkje fremja noko alternativt forslag til vedtak av utvalet.

Forslagsstillarane ba om grunngjeving for forvaltningsstyret sitt vedtak, som i realiteten innebar at saka om reguleringsendring ikkje vart fremja.

I sak 048/14 vart det gjort fylgjande vedtak:

- 1. Grunngjevinga for at rådmannen sitt vedtak fall i sak 023/14 er at planen ikkje er i samsvar med kommuneplanen kva vedkjem bruksendring frå naust til rorbuer. Eventuell bruksendring til rorbuer må avklarast i kommuneplanarbeidet.*
- 2. Forvaltningsstyret vil rå til at planen blir lagd ut dersom forslaget om å gjera om eksisterande naust til rorbuer blir teke ut av planen. Før det vert teke endeleg stode til om planen skal leggjast ut til offentleg ettersyn, må planen endrast/må det gjerast nærare greie for dei punkt som går fram av saksførebuinga i sak 023/14. Planen må vise gangveg/fortau langs den omlagde vegen som i nåverande plan*
- 3. Før det vert teke stode til spørsmålet om bygging på den eksisterande moloen, må det dokumenterast at moloen tilfredstiller krava til byggegrunn i høve til § 21-8 i plan- og bygningslova og § 7-2 i TEK 10.*
- 4. Endra plan blir å leggja fram for forvaltningsstyret til ny handsaming før han kan bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.*

I tida etter dette vedtaket vart gjort, har det vore dialog mellom kommunen og forslagstillaren om ulike tilhøve knytt til planframlegget.

I planskildringa til det endelege planframlegget heiter det:

#### ***Konsekvensar av forvaltningsstyret sitt vedtak av 27.08.14.***

- 1. Sameiet «Føresvik Marina» v/styret er ikkje lenger forslagstillar og ynskjer ikkje å bruke meir tid og pengar på vidare planlegging ut over det som allereie er godkjent og opparbeidd. Utan utsikt til vidare utvikling av nausta som rorbuer, ser sameiet heller ingen grunn til å vere med på vidare utvikling i området dersom ikkje rorbuer kan etablerast. Sameiet viser til at eksisterande naust og brygger er godkjende i samsvar med gjeldande reguleringsplan og den vegtraseen som der er vist.*
- 2. Svehaug Entreprenør går inn som forslagstillar. Forvaltningsstyret sitt vedtak om å ikkje godkjenne bruksendring av naust til rorbuer blir tatt til fylgje.*
- 3. Forslagstillar sin intensjon med planen blir utan rorbuer langt mindre pretensiøs. Varslingsteksten (vedl. A) står ved lag, men omfanget av tiltak blir naturleg nok redusert når det gjeld uteopphaldskvalitetar, gangvegar, parkeringsplassar og rekkefølgekrav som naturleg er knytt til etablering av 16 fritidshus.*
- 4. Plankart, reguleringsføresegner og planskildring må dels mykje omarbeidast og blir fremja ut frå dei føresetnadene som no gjeld.*
- 5. Forvaltningsstyret har i sitt vedtak sak 048/14 den 04.12.14 sett ulike vilkår for vidare førehaving. M.a. må søkar gjere nærare greie for dei punkt som går fram av saksførebuinga i sak 023/14. Saksførebuinga i sak 023/14 er gjennomgått og kommentert/gjort greie for i vedlegg B. Dette notatet låg til grunn for møte mellom Bokn kommune og forslagstillar den*

28.01.15. I notatet går det fram kva som blir tatt med i planforslaget og spesifisert kva ein konkret vart samde om i møtet den 28.01.

6. I tida etter overnemnde møter, har forslagstillar (Svehaug Entreprenør) funne det føremålstenleg å få dokumentasjon på at moloen tilfredstiller krava til byggegrunn i høve til §28-1 i plan- og bygningslova og §7-2 i TEK10. Petter J. Rasmussen AS, rådgivende ingeniører og arkitekter har vurdert eksisterande molo og oversendt ei foreløpig løysing som grunnlag for vidare arbeid fram mot arbeidsteikningar (vedl. 18).

### **Arbeidet med planframlegget**

Konsulenten er nå ferdig med arbeidet sitt, og planen vert derfor fremja for 1. gongs handsaming med framlegg om at den vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med krava i plan- og bygningslova.

Bokn kommune har vurdert og konkludert med at planforslaget ikkje vil utløyse krav om konsekvensutgreiing, då reguleringsarbeidet er i samsvar med føremålet i kommuneplanen.

Det er gjennomført ein enkel ROS- analyse som ein del av planskildringa.

I denne kjem det ikkje fram tilhøve som gjer at planen ikkje kan gjennomførast.

Det går ikkje fram av planskildringa at tilhøvet til naturmangfaldlova er vurdert.

### **Planomtale**

I planskildringa heiter det mellom anna:

*Planforslaget omfattar eit areal på 8,1 daa der sjøareal utgjer 4,1 daa. Småbåtanlegg utgjer 1,9 daa, sjøbuer 0,3 daa og hamneområde i sjø 2,3 daa regulert areal.*

*16 naust er bygde og eitt er under bygging. Areal er regulert og godkjende i samsvar med gjeldande plan «Føresvik hamn og industriområde...». «Naust4» og «Naust5» er bygd/godkjent. Innanfor «Naust1» ligg det 3 godkjende naust, men det er truleg korrekt å regulere no, då desse 3 nausta ligg innanfor regulert «Privat småbåthavn/molo» i gjeldande plan. Planføresegnine for naust blir vidareførde frå gjeldande plan som er grunnlaget for godkjenninga.*

*0,3 daa på moloen er sett av til ca. 16 sjøbuer utan innlagt vatn og avlaup. Felles sanitæranlegg, utomhusopphald under tak, utomhusareal under open himmel og sløyehus med tilknytta opphaldsområde kan gjere marinaen til ein hyggjeleg plass å vere. Ca. 16 båtplassar sør for moloen er det råd å få til. Lengda på nokre utliggarar innanfor småbåtanlegg2 (SBA2) er føreslått til 12 meters lengde.*

*Samla blir det regulert plass til ca. 32 båtar, 17 naust, 16 sjøbuplassar, 2 båtgarasjer og 32 parkeringsplassar. I tillegg er det regulert 220 meter brygger og gangveggar- der det blir lagt opp til universell itforming så langt dette er råd. Ein hyggjeleg samlingsplass for båtfolk, fiskeinteresserte- born og vaksne med ulik førlegheit. Ein stad å møtast både i sol og dårleg ver.*

Det vert elles vist til den fullstendige planomtalen som fylgjer som vedlegg til denne saka.

## **Innspel etter varsel om oppstart**

Igangsetting av planarbeid vart varsla gjennom annonse i Tysvær Bygdablad, Haugesund Avis hhv. 17.02.14/14.02.14 og Bokn kommune sine heimesider til same tid. Grunneigarar, grannar, offentlege/private organ og andre berørde partar vart varsla i brev av 13.02.14. Den justeringa som er gjort i planen etter oppstartsmeldinga, inneber i all hovudsak ei avgrensing av det framlegget som opphavleg vart varsla.

I planskildringa uttalar konsulenten om dette:

*Føresetnaden om ikkje å vise rorbuer medfører ikkje ny varsling. Planavgrensinga er ikkje auka. Innkomne merknader har ikkje tatt opp tema som tilseier ny varsling. Redusert omfang og kompleksitet medfører heller ikkje nye krav til planprogram eller konsekvensvurdering.*

I høyringsrunden knytt til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeidet, kom det inn fleire innspel/merknader som er referert i kortform nedanfor, med konsulenten sine kommentarar:

### **Innkomne merknader/kommentarar.**

Det er kome 2 kommentarar/merknader frå offentlege instansar og private.

#### **1. Fylkesmannen i Rogaland. Miljøvernadv. Datert 27.03.2014 (Vedl.8).**

Fylkesmannen har ikkje spesielle merknader i dette stadiumet av planprosessen utover at reguleringsplanen må utformast i samsvar med den nyleg vedtekne kommuneplanen for Bokn.

#### **Kommentar:**

Ny vedtatt kommuneplan har vore under redigering/ferdigstilling. Omsøkte område er kvitt i kommuneplanen pga. pågåande planarbeid. Kommentarane vidare tek utgangspunkt i gjeldande reguleringsplan og endringar i høve til denne.

#### **2. Kystverket Vest. Datert 04.04.2014 (Vedl.9).**

Kystverket viser til at planlegging i sjø må ta omsyn til sjøverts ferdsel og det er viktig at det ikkje blir planlagt tiltak/aktivitetar som kan kome i konflikt med fremkommeligheten i den øvrige delen av hamna i Føresvik. Tiltak som planleggast må dimensjonast slik at dei kan motstå pårekeleg drag og bølgeslag i området. Tiltak som fell inn under havne- og farvasslovens bestemmelser skal godkjennast av havnemyndighet.

#### **Kommentar:**

Merknaden er lagd til grunn for reguleringsplanarbeidet både når det gjeld framkommelegheit og ikkje minst bølgeslag.

#### **3. Johannes Svendsen. Datert 21.02.2014 (Vedl.10).**

Svendsen skriv at Føresvik Marina må halde seg innanfor dei grenser dei sjølv eig. På kart er det vist kvar Føresvik Marinaeig. Han vil ikkje akseptere at reguleringsplanen går inn på privat eigedom.

#### **Kommentar:**

Naust, brygger og parkeringsplassar må ha tilkome frå veg. Dette er i dag opparbeidd i samsvar med avtale med grunneigar. Reguleringsplanen må vise tilkome i samsvar med dei normar som kommunen til ei kvar tid har. Dette er forsøksvis gjort i planforslaget. Reguleringsplanen endrar ikkje eigedomstilhøva innanfor planområdet.

#### **4. Advokat Ove Landa, på vegne av Olav Helge Hogstad. Datert 20.03.2014 (Vedl. 11).**

Merknaden omtalar «uteblitt utrigger» som skal vende ut mot den sida der det er eit naust på eigedomen 9/133. Utriggjar vart ikkje vist på skisse i vedlegg til oppstartvarsel av 13.02.14. Landa viser også til avtale som skal vere inngått med eigar av 9/133 (Oddvar Hognaland) vedk. montering av aktuelle utriggjarar (Avtale av mai 2014 med Oddvar Hognaland er lagd ved som vedl.12).

#### **Kommentar:**

Varsalet av 13.02.14 viser avgrensing av planområdet (Jf. Vedlegg 6). Til partar innanfor planområdet, tilgrensande eigedomar og andre med detaljinteresser i planarbeidet, vart det sendt ut skisseutkast/illustrasjonsplan slik at merknader og kommentarar i størst muleg grad kan ta opp element innanfor området som i alle fall kan bli tatt opp ved offentlig ettersyn av planforslaget etter 1. gongs politisk førehaving. Nøyaktig plassering av utriggjar var uklårt for utførande planleggar ved varsling, men alle detaljar innanfor alle delar av planen var heller ikkje avklara. Varsalet si avgrensing av planområde omfattar arealet for nemnde utriggjar som er tatt med i forslaget i samsvar med avtale med eigar av 9/133. Skriftleg avtale er no inngått mellom sameiget «Føresvik Marina» og eigar av 9/133.

#### **5. Dag Hveding, på vegne av Bjørg og Kurt Hveding. Datert 02.04 og 03.03.2014 (Vedlegg 13, del 1 og 2).**

Bjørg og Kurt Hveding eig gnr. 9, bnr. 34. Dei er usikre på kva endringa frå naust til rorbu vil gje av konsekvensar m.o.t. biltrafikk, utslepp og parkeringsplassar. Når planarbeidet også har som føremål å betre det sjønære tilbodet til innbyggjarar og andre brukarar av området, gjer at Hveding meiner at dette vil medføre vesentlig påverking av miljø og samfunn og dei ynskjer at det skal utarbeidast eit planprogram med konsekvensutgreiing for området. Dei meiner og at det er fagpersonar i kommunen som skal avgjere om dette skal gjennomførast eller ikkje.

Dei viser til at dagens anlegg med naust og molo generer køyring i området. Ved å auke talet på naust vil det samstundes generere meir bilkøyring og trong for parkeringsplassar på eit areal som ikkje er avsett til dette føremålet. Dei ynskjer ikkje denne trafikkauken og endringa i arealbruk.

Det blir og peika på at vegen forbi landstedet er sideflytta slik at vegen kjem heilt inntil eigedomen sin steingard og tett oppi porten. Dette ynskjer dei ikkje. Dei viser og til at eigedomen er oppmålt og koordinat ligg føre digitalt. Dei er elles positive til nytt kryss mellom kommunal veg og molovegen.

## **Kommentar:**

Etter at oppstartvarselet vart sendt, har forvaltningsstyret avvist forslaget om å endre naust til rorbuer. Dette vil naturleg nok redusere trafikken til og i området. Den meir sporadiske trafikken til den nordre delen av båthamna (SBA1) og (SBA3), (ca. 20 båt plassar) vil venteleg neppe gje store negative konsekvensar.

Konsekvensvurdering/-analyse og planprogram er vurdert av utførande planleggar/forslagstillar- som har funne at det ikkje er grunnlag for dette innanfor lovverket sine krav. Konsekvensanalyse som eige arbeid er retta mot langt meir omfattande tiltak enn det vi her har føre oss. Konsekvensvurdering blir likevel gjeve i det fylgjande under «Verknader av planforslaget».

Når det gjeld trafikken forbi eigedomen 9/34 er det berre lagt til rette for 5 parkeringsplassar på molofoten. Sjøbuene på moloen har ikkje tilgjenge med bil og naudsynt transport må snu ved parkeringsplassen.

Reguleringsarbeidet tek utgangspunkt i det allmenne behovet for parkering knytt til småbåtanlegg og naust på linje med krava i t.d. Karmøy kommune. Småbåtanlegget langs bryggene ved naustrekkene er i all hovudsak knytt til nausta og vil ikkje krevje eigne parkeringsplassar. I hovudsak skal parkering løysast langs molovegen og på området mellom nausta og molovegen. Trafikken forbi 9/34 vil bli moderat til liten. Sideflyttinga av vegen skuldast til utførande planleggar har fått opplyst er ein avtale mellom partane på begge sider av vegen (9/34 og 9/137, 9/130). Senterlina som det er opplyst å vere semje om, er oppmålt og lagt til grunn for vegføringa mellom 9/34 og 9/137. Vegen skal då vere justert slik at han ikkje kjem i konflikt med steingarden. Det sør-austre hjørnet på 9/34 er ikkje til å unngå. Dette hjørnet ligg då også innanfor veg vist i gjeldande reguleringsplan.

### **6. Liv Rustenberg/Kjell Hveding. Datert 03.02.2014 (Vedlegg 14).**

Liv Rustenberg/Kjell Hveding ber om at del av eksisterende plan blir innlemma i planområdet.

Det vert føresett av ny plan ikkje legg nye begrensninger for område B3/N7 i forhold til eksisterande plan, då særleg med tanke på vegbredde, trase eller andre endringar som påverkar mulegheitene for B3/N7 i negativ retning.

Det må vere ein samla plan for VA og El. Det er ynskjeleg å etablere dette til Rustenberg/Hveding sine område umiddelbart etter gjeldande plan, men dei ynskjer å etablere dette i alle fall delvis før godkjenning av plan dersom dette er råd.

Det vert føresett at ny plan gjev eksakt plassering av veg, vegbredde, parkering, trase etc. og utføring stemmer med planen. Dei ber om at det snarast råd blir lagt fram ein målsett teikning som viser eksisterande steingard og grensepunkt oppmålt hausten 2013. Dette er ein viktig føresetnad for felles forståing av mulegheiter og utfordringar slik at ein snarast råd kan få semje om ei best mogeleg løysing. Kommunen har tidlegare etablert ein forventing om at eksisterande gammal steingard langs vegen ikkje skulle bli berørt av ny veg.

## **Kommentar:**

Gjeldande reguleringsplan blir ikkje påverka av omsøkte plan når det gjeld vegtrase eller andre kjende faktorar. Områda B3/N7 skulle ikkje bli negativt påverka slik omsøkte blir utforma.

Når det gjeld teknisk plan er det naturleg å sjå omsøkte og gjeldande plan i samanheng. Teknisk plan vil bli utarbeidd når vi får oversikt over aktuelle endringar etter 1. utlegging til offentleg ettersyn.

Ny plan blir utarbeidd digitalt i samsvar med dei krav kommunen stiller og elles i samsvar med god reguleringskikk.

Når det gjeld vegtrase har ein i nordre del av planområdet prøvd å fylgje gjeldande reguleringsplan og dei areal som kommunen har hand om som vegareal.

## **Vurdering og konklusjon**

Planframlegget ser i all hovudsak ut til å vere i samsvar med kommuneplanen når det gjeld den arealbruken planen legg opp til.

I sak 048/14 vart det mellom anna sett som ein føresetnad for å leggje planen ut til offentleg ettersyn, at planen viser gangveg/fortau langs den omlagde vegen, tilsvarande som i den gjeldande planen.

Den planen som nå vert fremja, viser ikkje fortau/gangveg, og konsulenten argumenterer med at trafikkmengda på denne vegen ikkje tilseier behov for dette.

I føresegnene til kommuneplanen sin arealdel heiter det mellom anna:

*I områder for bebyggelse og anlegg kan utbygging ikkje setjast i gong før det er vurdert trong for å sikra etablert infrastrukturiltak som kommunaltekniske anlegg, straumforsyning, tilstrekkelig grøntareal, trafikksikker tilkomst for gåande, syklande og kjøyrande, og offentlege tenester. Kommunen kan krevje at tiltak ikkje vert tekne i bruk før slik infrastruktur er ferdigstilt.*

Kva som ligg i trafikksikker tilkomst, kan sjølvstund diskuteras. Dette må vurderast både i høve til dagens situasjon og ei framtidig utvikling av området.

Det må i samband med dette kunne leggjast ei viss vekt på at kommuneplanen sin arealdel viser framtidig bustadområde nord for det området denne planen omfattar, og at den gjeldande reguleringsplanen også viser fortau/gangveg langs den vegen den nye vegen skal erstatte.

På denne bakgrunn synes det på ein måte lite framtidretta at planendinga legg opp til ein veg utan fortau/gangveg.

Dersom planen vert lagt ut i si noverande form, burde det derfor kanskje vore teke atterhald om at krav om fortau kan bli sett når planen kjem opp til ny handsaming etter høyringsrunden.

På ei anna side, har konsulenten nok rett i at trafikkmengda på vegen vert liten, og omlegginga synes i alle høve å føre til at trafikstryggleiken vert betre enn det som er tilfelle med vegen som ligg der i dag.

Det må innarbeidast naudsynt rekkefølgekrav når det gjeld kva tid vegomlegginga skal gjennomførast.

Når det gjeld kravet om at det skal dokumenteras at moloen tilfredsstiller kravet til byggegrunn, legg planframlegget opp til at dette fyrst skal gjerast når det vert aktuelt å fremje ein søknad om bygging på moloen.

Sjølv molokroppen er dimensjonert av eit konsulentfirma med kompetanse på denne typen arbeid, men det ligg ikkje føre undersøking av grunntilhøva under molokroppen som grunnlag

for å vurdere faren for grunnbrot.

Dette burde vore gjort som ein del av ROS-analysen, men kostnaden for slik undersøking er så stor at forslagstillaren av planen ynskjer å få avklart plangrunnlaget før slik undersøking vert føreteke.

Det ligg ikkje føre vurdering i høve til naturmangfaldslova.

Dette burde vore gjort.

Ettersom det her er tale om justeringar av ein gjeldande plan, må det likevel kunne akseptast at denne vurderinga manglar.

Når det gjeld parkeringsbehovet, har konsulenten lagt til grunn at naust og sjøbuer ikkje utløyser krav om parkeringsplassar, då desse ikkje er rekna for varig opphald.

I samband med bygging av dei eksisterande nausta, vart det stilt krav om etablering av 15 parkeringsplassar, men ut frå føresegnene til det nye planframlegget ville behovet etter konsulenten si vurdering vera 6 plassar knytt til dette området.

I det resteranda anlegget har konsulenten rekna behovet til 7 parkeringsplassar.

Totalt viser planen 27 parkeringsplassar, der 15 av desse er vist i tilknytning til dei etablerte nausta i samsvar med kravet i samband med godkjenning av desse nausta.

7 av bilplassane er vist som kantparkering langs den nye offentlege vegen.

Parkeringsplassar for anlegget må leggjast på eigen grunn, og det må derfor reisast spørsmål om parkeringsplassar langs ein veg som vert regulert som offentleg veg kan reknast inn når behovsdekninga knytt til det private naust-, sjøbu- og småbåtanlegget skal vurderast.

Dersom dei nye reguleringsføresegnene vert lagt til grunn, må likevel behov for parkeringsplassar seiast å vera dekkja utan dei plassane som er vist langs den offentlege vegen.

Rådmannen rår til at planframlegget vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med krava i plan- og bygningslova.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	11.05.2016	017/16	ÅKF

<b>Saksansv.:</b> Åse Karin Fjellving	<b>Arkiv:</b> K1-033, K3- &17	<b>Arkivsaknr</b> 16/16
	<b>Objekt:</b>	

### Meldingssaker til møte 11.05.2016

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	S	03.05.2016		Sakskart Forvaltningsstyre FV
	K			11.05.2016

1.	Gnr. 11 Bnr. 31	Espen Alvestad	Ny takteking på sjøhus
2.	Gnr. 16 Bnr. 3	Ingrid Are og Joao Pedro Cortinhas Cruz	Frådeling av del av hyttområde
3.	Gnr. 13 Bnr. 15	Hege Bergtun Hamre og Arild Hamre	Fritidsbustad - utsleppsløyve
4.	Gnr. 7 Bnr. 4	Mona Våga og Louis Medhaug	Søknad om oppføring av dobbelt naust
5.	Gnr. 5 Bnr. 36	Egil Våge	Naust
6.	Gnr. 5 Bnr. 37	Fredrik Faye	Naust
7.	Gnr. 5 Bnr. 38	Oddvar Øvrebø	Naust
8.	Gnr. 5 Bnr. 39	Oddvar Øvrebø	Naust
9.	Gnr. 5 Bnr. 40	Kurt Jøsang	Naust
10.	Gnr. 5 Bnr. 45	Kurt Jøsang	Naust
11.	Gnr. 5 Bnr. 41	Tormod Våga	Naust
12.	Gnr. 5 Bnr. 46	Tormod Våga	Naust
13.	Gnr. 11 Bnr. 185	Bokn kommune	Frådeling av tomt til fiskeriføremål

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:



## **11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

### **FV-017/16 VEDTAK:**

Meldingssakene vart tatt til orientering.

**Kva saka gjeld:**

**Bakgrunn for saka:**

**Saksutgreiing:**

**Vurdering:**

## **013/16: Godkjenning av møtebok frå 06.04.2016**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

## **11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

### **FV-013/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

## **014/16: Gnr. 4 bnr. 16 - Bjørn G. Nedrebø - gangbru til naust - dispensasjon**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

5. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av gangbru til naustloft, slik det er søkt om.
6. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, vert søknad om oppføring gangbru til naustloft godkjent i medhald av § 20-4 i plan- og bygningslova, i samsvar med søknad.
7. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med gjeldande lovverk og føresegner.
8. Det må søkjast om ferdigattest før gangbrua vert teken i bruk.

## **11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

### **FV-014/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

## **015/16: Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - einebustad- dispensasjon**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

3. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel for bygging av einebustad på gnr. 7 bnr. 32, slik som det er søkt om, jfr. også sak 033/15 og 040/15  
Det er lagt vekt på at tomta ligg i utkanten av feltet, og at den er byggemodna med veg, vatn og avlaup.  
Etter forvaltningsstyret si vurdering, ville derfor bygging på denne tomta nå, ikkje gjere det vidare reguleringsarbeidet vanskelegare.  
Det er og lagt vekt på at fylkeskommunen delte dette synet i samband med førehandsuttalen knytt til søknaden om tomannsbustad på tomta.  
Føremona ved å gje dispensasjon vert derfor samla sett vurdert klårt større enn ulempene.
4. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

### **11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

Saka blei drøfta.

Høgre sette fram forslag til vedtak som følgjer:

I medhald av godkjent kommuneplan vart det godkjent bygging av einebustad på gnr. 7 bnr. 32.

Det er lagt vekt på godkjent kommuneplan og at tomta er byggemodna med veg vatn og avlaup.

Bokn kommune ynskjer spreid bustadbygging, og ynskjer at innbyggjarane får busetja seg på heile Bokn.

### **FV-015/16 VEDTAK:**

Høgre sitt framlegg vart vedteke mot to røyster, ei frå SP og ei frå AP.

## **016/16: Reguleringsplan for Føresvik Marina - 1. gongs handsaming**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Føresvik Marina med kart dagsett 01.04.2016 og føresegner dagsett 17.04.2016 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

### **11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

#### **FV-016/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt samrøystes.

## **017/16: Meldingssaker til møte 11.05.2016**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Meldingssakene vert å ta til orientering.

### **11.05.2016 FORVALTNINGSSTYRE**

#### **FV-017/16 VEDTAK:**

Meldingssakene vart tatt til orientering.

